




# TORNEKRATT



# TORNEKRATT

## Hensikt

I Tornekrattet får barna utfordra sine grovmotoriske ferdigheiter og taktile sans. Aktiviteten stiller også krav til barna sin konsentrasjon.

## Utstyr

Tau

## Forklaring

1. Lag eit tornekratt ute i skogen ved å binde opp tau som går på kryss og tvers mellom tre. Vel gjerne eit område med fleire tre slik at du får eit stort tornekratt.
2. Oppgåva til barna er å komme seg gjennom tornekrattet utan å vere borti taua. Barna kan gå over, mellom eller under taua. Her må barna smyge, åle, krype eller hoppe gjennom tornekrattet.

## Tips

- Utfordre gjerne barna til å gå gjennom tornekrattet mange gonger, der dei skal komme seg gjennom tornekrattet på ulike måter kvar gong.

## Variasjon

- Etter ei stund kan ein endre på taua slik at tornekrattet gjev nye utfordringar.
- Barna kan også vere skogen sine dyr, t.d. ein hare og rev -der reven skal prøve å ta haren.